

TIL



Oktober 2014




Slik kjem du i kontakt med styret :

Send mail til:
spaniel.sogn-fjordane@klubb.nkk.no

Send sms eller ring leiar
Inger Handegård mobil 918 35 324

Returadresse:

NSK Sogn og Fjordane
v/ Inger Handegård
Gardavegen 17 A
6868 Gaupne



Planlagt aktivitet i Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane vinteren 2014/2015 og vår 2015

Styret har eit ynskje, eit håp, eit mål og ein plan om å få til meir aktivitet i avdelinga vår og det på fleire stader i fylket. For å lukkast med dette er me avhengig av di hjelp. Dersom du ynskjer meir spanielaktivitet i området der du bur og kan hjelpe til med ein stad å vera ute eller inne, må du melde gi melding om dette til styret. Det kan vera alt frå ein stad der me kan ha eit medlemsmøte, pelsstellkurs, trening innandørs i vinterhalvåret eller ute i sommarhalvåret.

Dersom du ynskjer å vera med på utlyst spanielaktivitet, må du også hugse å melde deg på innan fristen, for me avlyser møter og treningar som har færre enn tre medlemmer frå det aktuelle området påmeldt.



Offisielle prøvar



11. april: **NKK-utstilling** i Bergen. Dagen etter har spanielklubben i Bergen utstilling.
26. april: **Einaste utstilling for spaniels i fylket.** Er i Naustdal. Dommar Svein Helgesen.
1. mai: Me startar opp med **bevegeleg blodsporprøve.** Til 30. sept.
10. mai: **NKK-utstilling i Ålesund**
1. juni: Me startar opp med **bevegeleg jaktanleggsprøve og apportprøver.**
MERK: Det er etter nytt regelverk krav om at det deltek minst 3 hundar frå minst to forskjellige oppdrettarar ein og same dag på bevegeleg jaktanleggsprøve og apportprøve. Dette betyr at det er viktig at de melder på innan påmeldingsfristen!
7. juni: **Ordinær blodsporprøve** på Nordfjordeid
21. juni: **Ordinær blodsporprøve** i Årdal
1. juli: Me startar opp med **bevegeleg fersksporprøve**—til 30.sept.
4. august: **Ordinær jaktanleggsprøve og apportprøve** i Luster
16. august: **Ordinær blodsporprøve** i Årdal
- 24 og 25 oktober: **Dobbelt rallystevne** i Sogn



7. februar: Innkalling til Årsmøte i Luster.

Tema: Fotografering av hund og korleis spanielrasane har utvikla seg frå start 1900 fram til i dag. Me skal dele ut premiar til årets mestvinnande og me skal saman kåre vinnar av fotokonkurransen. HUGS: Siste frist for å senda styret saker som skal handsamast på årsmøtet og framlegg til personar til val, er 15. januar. Sakliste vert lagt ut på klubben si heimeside, som me håpar er oppe og går att til då...

Me inviterer til fotokonkurranse

Tema: Spaniel i Sogn og Fjordane

Du kan sende inn EIT bilde pr. medlem. Bildet må vera tatt av deg eller eit familie-medlem. Bildet skal sendast på mail til kennel@desperado.no innan 1. februar 2015. ALLE medlemmer kan delta, inkludert styret. Vinnar vert kåra av alle dei som møter opp på årsmøtet. Hugs å senda bildet i HØG oppløysing då bilda vil verte brukt i spalta vår medlemsbladet Våre Spaniels og på avdelinga si heimeside og facebookside. Premiar kr. 300-200-100 til nr. 1, 2 og 3.

Møter, samlingar og kurs



7. desember: Medlemsmøte/treningsamling i Florø???

For at dette møtet skal bli noko av er me avhengig av at minst 3 medlemmer i frå Sunnfjord melder seg på innan 20. november. Målet er å få trene litt hund; det kan vera alt frå spor til lydighet, alt etter kva du er interessert i, gi tips om pelsstell og vera sosiale. Kontakt Inger på mobil 918 35 324, send mail eller skriv på facebookside vår.

Vinter 2015: Kurs/treningsamling(ar) i rallylydighet

Dersom nok interesserte melder seg, leiger me ridehallen på Kaupanger til ei rein spanielsamling. Det vert mest truleg eit eindagskurs der me har alt i frå grunninnlæring for deg som aldri har prøvd dette før til vidaregåande trening for deg som har komme lengre. Meld di interesse til Inger! Avdelinga vil prøve å arrangere 12 timars rallylydighetskurs i Årdal seinvinteren eller våren 2015. Dette kurset vert i samarbeid med Årdal hundeklubb og overskot frå kurset vert nytta til å dekke utgifter til rallystevnet me skal ha same stad til hausten.

Våren 2015: Kurs i legging av spor + sporkurs

Blodspor og brukshundspor dersom nokon er interessert i det. Kurset er gratis for medlemmer i klubben. Dato vert sett når me ser kor fort snøen tinar. Stad vert i første omgang Sogn, men det kan også bli kurs andre stader dersom nok medlemmer i eit område er interessert! **Sporkurs. Blodspor og/eller brukshundspor.** Dei som har gått sporleggarkurs har 1. prioritert dersom mange vil vera med på dette kurset.

Våren 2015: Jaktkurs i Florø-området

Me prøver på nytt å arrangere jaktkurs i Florø. Eit kurs for deg som vil bruke hunden til småviltjakt, starte på jaktanleggsprøve eller apportprøve.

Pelsstellkurs i Gaupne

Går kontinuerlig. Kostar kr. 300.– pr. time. Ta kontakt med Inger på mobil 918 35 324. Dersom fleire medlemmer i eit distrikt går saman og ordnar med stad, kan det også haldast kurs også haldast andre stader i fylket.